

FORELDREINFO JANUAR



FAU/SU/SMU

- FAU møte 20.01. vart digitalt grunna Korona. De finn referatet frå møtet [her](#).
- Utdeling av refleks 19.01.

Dei føresette som stilte opp og delte ut refleks meldte tilbake om ei fin oppleving med triveleg ungar og ungdom som gjerne ville ta imot refleksband og vestar. Takk til sporty foreldre som stilte!



Generelt bra refleksbruk, men me har blitt bedt om å minna dei elevane som tek buss om også å hugsa refleks, sjølv om ein ikkje går til skulen. Elevane må visa att når dei går til og ventar på bussen og. De føresette må gjerne oppmuntra elevane til å fortsetja med refleksbruk sjølv om elevane begynner på ungdomsskulen. Me blir ikkje meir sjølvlysande med alderen...

Info Svømming

Sjå [kommunen si heimeside](#) for informasjon om offentleg symjing og symjekurs for våren 2021

Skuleruta 2021-2022



Denne er publisert

på heimesida til skulen. Du finn dokumentet [her](#).

Skidagar

1.-4. trinn brukar nærområdet når det er snø, medan 5.-10.trinn brukar å reisa til Stavtjørn i løpet av sesongen. Me satsar på å la elevane reisa også i år, men med eigen buss pr. trinn. 5.-7. går kun langrenn, medan 8.-10. får tilbod om å bruka trekket. Kjekt med tilbod innanbygds!



Informasjon om klage på standpunkt karakter

10.trinn får standpunktskarakter i alle fag til sommaren, 9.trinn i mat og helse. Les meir om retten til å klaga [her](#).

Sjølv om skulestarten vart litt annleis enn me trudde før ferien, har det blitt ein fin januar her på skulen. No er me alle på gult nivå, noko som gjer kvardagen enklare for både store og små.

Me har vore heldige her i Bjerkreim kommune at me ikkje treng ha elevar/klassar i heimeskule for å få dagane til å gå rundt mtp smittevern, då unngår me dobbeltarbeid og slitasje på vaksne både på skulen og heime. Innbyggjarar har testa seg og oppgitt nærkontaktar på ein slik effektiv måte at eit ev. utbrot raskt kom under kontroll. Dette gjer at me kan ha mest mogleg normale skulekvardagar med læring inne og ute, leik i snøen og på is - det som me vanlegvis gjer i januar.

Tusen takk til dykk alle som gjer ein innsats for at dagane skal kunne vera så normale som mogleg for barn og ungdom – me likar best når alle får vera saman på skulen fjes til fjes 😊

Mvh

Svanhild Gjedrem - rektor

